



## SKOLEDIREKTØR JOHANNES NORVIK OG KONA ERNA NORVIKS FOND TIL NYDYR KING I VAKSDAL KOMMUNE

### VEDTEKTER

§ 1 Stiftinga sitt namn er SKOLEDIREKTØR JOHANNES NORVIK OG KONA ERNA NORVIKS FOND TIL NYDYR KING I VAKSDAL KOMMUNE.

Stiftinga har ikkje næringsføremål.

§ 2 Stiftinga har til føremål å gje tilskot til nydyrking av utmark som kan leggjast under kultur i Vaksdal, jfr. gjevarane sitt testament av 06.06.80.

Gjendyrking av jordbruksland som har liggje udyrka i over 30 år, vert rekna som nydyrking.

§ 3 Stiftinga sin grunnkapital er kr. 900 000,-. Grunnkapitalen bør haldast ved lag og eventuelt aukast ved at ein del av avkastinga vert lagt til grunnkapitalen.

§ 4 Stiftinga vert leia at eit styre på tre medlemer, samansett av Vaksdal kommune sin ordførar, landbruksrådgjevar og økonomisjef. Ordføraren skal vera leiar av styret.

Styret har ansvaret for stiftinga sin kapital.

Styret legg fram årsrekneskap og fastset den største summen som kvart år skal nyttast til å fremja stiftinga sine føremål.

§ 5 Stiftinga skal ha eit representantskap sett saman av dei til kvar tid fungerande medlemer i formannskapet i Vaksdal kommune, med unnatak av ordføraren.

Representantskapet har til oppgåve:

1. Godkjenna årsrekneskapen frå styret.
2. Gjera endeleg vedtak om korleis midlane skal nyttast innanfor den ramma styret har gjort framlegg om.

-----  
Desse vedtektene erstattar tidlegare vedtekter, fastsett av kommunestyret i september 2014, jf. sak 49/2014. Dei nye vedtektene er tufta på endringsvedtak i Formannskap/plan-og økonomiutvalet 02.10.2017 – sak 63/2017. Vedtektene trer i kraft straks.

Rett utskrift: Dale 29.10.2017

*Tove Brunick Eodaf*  
VAKSDAL KOMMUNE